

A photograph of a woman with short brown hair, wearing a yellow t-shirt, sitting on a blue couch. She is holding two young children: a blonde girl on her left and a blonde boy on her right. They are in a room with bookshelves in the background. A red diagonal bar is on the left side of the image.

NYNORSK
KULTURSENTRUM

ÅRSMELDING 2024

Innhald


3	Hovudtala for 2024
4	Helsing frå direktøren
6	Høgdepunkt i 2024
8	Om Nynorsk kultursentrum
9	Bærekraft, miljø, klima
10	Tidslinje
12	Organisasjonen
13	Mangfaldsplakaten
14	Organisasjonskart
16	Styret
17	Samarbeidspartnarar
18	Strategi
19	Verdiar og målgrupper
20	Vinjesenteret og Litteraturdagane
24	Haugesenteret og Poesifestivalen
28	Aasentunet og Festspela
32	Forsking og samling
38	Formidling
44	Økonomi
45	Sal
46	Politisk arbeid
47	Kommunikasjon
48	Signatarar

FOTO André Hustoft Nesheim, Gudrun Semons, Inger Johanne Teig Utgård, Einy Åm Sparks, Martine Johansen, Sandnes bibliotek, EEA and Norway Grants Latvia, Berit H. Hjertø / Giske bibliotek, Noregs Mållag, LNK, Ulstein bibliotek, Hægebostad og Eiken bibliotek, Skeisvang videregående skole, Nynorsk bedriftsforum, Klimakultur, Nynorsk kultursentrum


Hovudtala for 2024

Forsking og samling


Publiserte objekt på
DigitaltMuseum



Innsamla minneintervju




Tilsette med forskningstid



Formidling


Samla gjestetal



Prosentvis barn og unge
av totalt gjestetal



Deltakarar i fokusgrupper




Rådgivarar med vitskapleg
førstekompetanse
til formidlingsprosjekt



Samarbeid og utvikling

Frivillige

121 + 38 frå 2023




Eigenkapital av
driftskostnader



Kommunar med aktivitet

77 - 12 frå 2023



Helsing frå direktøren

Gi gass for kulturen!

I ei uroleg og utrygg verd er arbeidet til Nynorsk kultursentrum – og kultursektoren elles – viktigare enn nokon gong. Det må motivere oss til handling og meir samarbeid.

Sidan 2024 gjekk inn i historia har det allereie skjedd fleire urovekkjande hendingar i verda enn det er mogleg å fatte. Til dømes deltok verdas rikaste mann, forretningsmannen Elon Musk, som no også fungerer som rådgjevar i statsapparatet for den amerikanske presidenten, i eit valkampmøte over video for det høgreradikale partiet Alternative für Deutschland. Der kom han med vase og høgst problematiske påstandar om å vere «stolt av å vere tysk».

Den autoritære rørsla som får meir og meir makt i den vestlege verda, brukar eit tilslørt og upresist språk for å byggje opp under farlege haldningar og handlingar. Det er ein kjend strategi, som også er mykje brukt av regimet i nabolandet vårt Russland. Slik brukar dei språket som eit livsfarleg våpen. Dei moderne, liberale, demokratiske og sjølvstendige nasjonalstatane i vår del av verda har ikkje møtt ein større trugsel sidan andre verdskrig.

Det kan vere vanskeleg å sjå lyspunktene i kvardagen med det biletet ein får frå media dette nyåret, men blar du deg vidare i denne årsmeldinga, finn du ganske mange. Det er godt å kjenne på at ein framleis kan gjere nytte for seg og endre verda til det betre – bit for bit og dag for dag – når så mykje anna ser mørkt ut.

Gjestetala har hatt ein sterk auke, frå 25 539 til 39 162. Det er meir enn 50 prosent! Vi har gjennomført tre fantastiske festivalar, bidrege til to forskingsantologiar og sett opninga av eit nytt, fantastisk, redaktørstyrt leksikon for barn og unge, der nynorsken er heilt sjølvsagd.

Vi har gjennomført spennande seminar om arkitektur, litteratur og kvinnehistorie. Vi har også delteke i viktig arbeid for språket i møte med nye utfordringar og moglegheiter, slik som til dømes store språkmodellar og kunstig intelligens. Og det mest fantastiske av alt er at vi nesten aldri gjer noko åleine. Vi søker og finn samarbeidspartnarar i alle delar av kultur- og kunnskapssektoren, både i inn- og utland.


Som organisasjon har vi komme nærmare kvarandre, fått nye, dyktige medarbeidarar og starta på prosessar som vil vere heilt avgjerande for den vidare utviklinga av stiftinga.

Med blikket på organisasjonsutviklinga er det freistande å bruke eit bilete som berre er forståeleg om ein har prøvd ein forbrenningsmotor med manuell girkasse. Etter fleire urolege år har 2024 nemleg vore eit år for å trykke inn kløtsjen, justere speglane og få oversyn. Prosessane vi har sett i gang vil resultere i fleire viktige avgjerder i 2025. Då set vi organisasjonen i gir, og etter det må vi gi gass. For no er det mykje som hastar.

Fleire viktige aktørar i kultursektoren har argumentert for kulturen si rolle som ein del av beredskapen mot trugslar utanfor landegrensene våre. For nokre kan dette kanskje sjå ut som opportunisme – at dei som vil ha meir pengar til kultur frå statskassa, endrar retorikken i møte med den politiske utviklinga.

Men ingen bør tvile på kulturen si rolle – på godt og vondt – når pilene for fridom, demokrati og menneskerettar peikar feil veg. Forteljingane vi deler om landet vårt, kulturen vår og ikkje minst språket vårt, spelar ei heilt avgjerande rolle for kor robuste borgarane er i møte med dei som vil lokke oss til å gi etter for dei mest kyniske og brutale impulsane vi har i oss.

Nynorsk er eit demokratiprosjekt. Museum og andre kulturverksemder må også vere på oppdrag for demokrati, mangfold og menneskerettar. Eg er stolt av å arbeide for ei stifting og med kollegaer og samarbeidspartnarar som alltid finn nye vegar til avgjerande kunnskap og kreativ formidlingsløysing på oppdrag for språket. Eg vonar det blir lenge til vi skal snakke mykje om vaksiner igjen, men på vårt beste er kulturarbeidarane – vi som kjempar for ein sterk og inkluderande kultur – ei kraftfull vaksine mot totalitære krefter. Lat oss gi gass for kulturen i 2025!



Ørsta, 24. februar 2025,
Olav Øyehaug Opsvik, direktør



Olav Øyehaug Opsvik, direktør i Nynorsk kultursentrum

Høgdepunkt i 2024

Fellesfunksjonar

Arendalsuka! Saman med andre organisasjonar i Nynorsk forum gjennomførte vi eit arrangement om kunstig intelligens og språkpolitikk under Arendalsuka.



Klima og miljø! Vi har hatt fokus på å følge opp klimaarbeidet til stiftinga. Styret har drøfta og gitt innspel til vidare prosess for miljøfyrtaårnsertifisering, og vi har jobba med rutinene for å kartlegge utslepp frå mellom anna transport. I tillegg deltok vi på ein konferanse om klima- og miljøarbeid i regi av Kulturdirektoratet i Sibiu, Romania.



Arbeidsmiljø! Arbeidsmiljø har vore høgt prioritert i 2024. I oktober 2024 gjennomførte vi ei personalsamling i Bergen med fokus på arbeidsmiljø og samhandling. Det var både inspirerande og nyttig for vidare organisjonsutvikling.

Internasjonalt språkmangfold! Vi deltok på årskonferansen til det europeiske nettverket for språkmangfold – NPLD – Network to Promote Linguistic Diversity – i Barcelona. Tema for konferansen var kunstig intelligens, digitalisering og språkpolitikk.

Forsking og samling

Boklansering! Antologien *Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd? Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal* vart lansert i Ålesund. Boka har to fagfellevurderte artiklar frå forskrarar ved Nynorsk kultursentrum.

Boksamlingsseminar! Seminaret samla fagfolk frå heile landet for å drøfte korleis ein kan forske på boksamlingsar og kva kunnskap slik forsking kan bringe fram.



Feiring av Fehn! Arkitekten Sverre Fehn ville fylt 100 år i 2024. Dette vart markert med eit fagleg seminar, ei temautstilling og ei arkitekturhelg for barn. Her vart det til dømes konkurranser om å bygge Aasentunet i Minecraft.

Lansering av Vesle norske leksikon! Ved lanseringa av Vesle norske leksikon i Oslo vart gode nynorskartiklar løfta fram som ei viktig satsing.

Landslovmarkering! I samarbeid med Høgskulen i Volda og Universitetsbiblioteket i Bergen var vi vertschap for to faglege arrangement om Magnus Lagabøtes landslov og nynorsk skriftkultur. Då vart eit 650 år gammalt mellomalderdiplom stilt ut for første gong.

Formidling

Auke i gjestetalet! Vi hadde ei stor auke frå 25 539 i 2023 til 39 162 i 2024!

Fast driftstilskot! Saman med Bjørnsonfestivalen og alle biblioteka feira vi fast driftstilskot frå fylkeskommunen til Litteraturhus i Møre og Romsdal. I 2024 hadde vi publikumsrekord med 6 768 gjester på 118 arrangement!

Nynorsk som nasjonalt skriftspråk! Saman med Nynorskkommunane og Nynorksenteret gjennomførte vi i dette prosjektet ei rekke arrangement i Vestland, Rogaland og Agder i samarbeid med saman med tre andre nynorskorganisasjonar.

DKS-premiere! Den nye produksjonen *Blindsight* gjennomførte første DKS-turné i Møre og Romsdal. Produksjonane *Eg vil ha rytme! Eg vil ha ord!*, *Snakk om språk* og *Les for livet!* var også på turné i 2024. Vi nådde mange fleire elevar enn i fjoråret.



Internasjonalt samarbeid! Vi deltok i eit utvekslingsprosjekt om arbeidet med språkfestivalar. Vi fekk besøk frå Finland og Latvia og besøkte den svenskfinske språkfestivalen i Finland.

Panelsamtalar i Latvia! Vi deltok i to panelsamtalar om nynorsk og mindretalsspråk under Lampa-festivalen.

Vinjesenteret og Litteraturdagane

Kulturtildod! Vinjesenteret er med på å gi over 1700 barnehagebarn og skuleelevar i Vest-Telemark eit kulturtildod. Mellom anna fekk omlag 500 barnehage- og småskulebarn sjå teaterframsyninga *Spelejenta*, som er basert på Jon Fosse si barnebok.



Vinjerevla! I kjellaren på Vinjesenteret fekk publikum sy på Vinjerevla. Vinjerevla skal bli eit 12,5 meter langt broderi, og er ei framstilling av Aasmund Olavsson Vinjes diktsyklus *Storegut*. Prosjektet er drive av Vinje handverkslag og vil halde fram til 2027.



Undreskogen! Vi opna Undreskogen, eit nytt tilbod til barn. Dette er eit aktivitetsområde for born som er knytt til opplevelingar i skogen. Kjersti Rorgemoen har skrive tekstar om Vinje-forfattarane, og utstillinga kunne dermed vere til inspirasjon for dei vaksne også.

Haugesenteret og Poesifestivalen

10 år! Haugesenteret feira 10 år med ein litterær festdag for store og små! Jubileet vart markert med ei festfram- syningar om to store poetar frå Hardanger: Olav H. Hauge og Jon Fosse.

Haugestipendet! Poet og gjendiktar Martin Ingebrigtsen vart tildelt Haugestipendet for unge diktarar i 2024. Stipendet vart delt ut under Poesifestivalen. – Ulvik er poesien sin heimebane! sa Ingebrigtsen under diktlesinga på festivalens siste dag.



Poesiverkstad! Elevar ved Voss Gymnas fekk vere med på poesiverkstad. Gjennom gode skriveøkter sette poesien ord på dagsaktuelle tema og skapte samhald og engasjement blant elevar og lærarar. Dikt er rett og slett skikkeleg kult!

Boklansering! Hauge-antologien *Herr må då ordi koma* vart lansert under Poesifestivalen.



Aasentunet og Festspela

Fagseminar! Aasentunet arrangerte fagseminar for barnehagetilsette i samarbeid med Ørsta kommune og Ørsta mållag, med tema språkkopp-læring for dei minste.

Barnekunstutstilling! Aasentunet inviterte til barnekunstutstilling for sekstande gong. Om lag 200 barnehagebarn var på besøk i tunet gjennom utstillingsveka.



Festspeldiktaren! Festspeldiktar Knut Ødegård møtte publikum gjennom ei rekke ulike programpostar i løpet av heile festivalen, og gav publikum eit rikt og personleg innblikk i eige liv og virke.



Om Nynorsk kultursentrum

Eit unikt museum

Nynorsk kultursentrum er eit lite, men kraftfullt museum med eit stort oppdrag.

Nynorsk kultursentrum skil seg ut i det norske museumslandskapet, særleg etter museumsreforma, då store, konsoliderte regionmuseum vart normalen. Nynorsk kultursentrum har tre relativt små museum som er spreidde over tre fylkeskommunar med ganske stor geografisk avstand.

Vi er eit unikt museum både fordi vi har ei særeiga historie og eit stort, spesielt oppdrag.

Oppdraget og verksemda vår heng direkte saman med målsaka og historia om den nynorske skriftkulturen. Forteljinga vår starta med at det første Ivar Aasen-museet opna i Hovdebygda i 1898. Stiftinga vart etablert i 1993 og var ei viktig brikke i planlegginga av eit nytt og moderne Aasen-museum. Stiftinga tok på seg eit større

oppdrag enn å berre formidle historia om Ivar Aasen – vi skal arbeide for nynorsk skriftkultur.

Gjennom forvaltninga av samlingane og arkiva våre, forskinga vår, det utoverretta arbeidet på våre eigne museum og eit mylder av aktivitet i heile landet – og på internett – spreier vi kunnskap og styrker medvitet om nynorsk skriftkultur.

Vi forvaltar og fortel om ein avgjerande del av forteljinga om Noreg. Samstundes skal vi alltid fokuserer på å bevare og styrke det nynorske språket, nynorsk kunst, journalistikk og forsking, nynorske institusjonar og ideane som spring ut av denne særeigne skriftkulturen. Det er eit unikt og stort oppdrag, og difor er vi ein unik og sterk kulturinstitusjon.

FØREMÅLSPARAGRAFEN

«Den ideelle stiftinga arbeider for nynorsk skriftkultur. Med utgangspunkt i føremålet skal stiftinga drive vitskapleg og kulturfagleg aktivitet som aukar kunnskapen og medvitet om nynorsk skriftkultur nasjonalt og internasjonalt. Det gjer museet gjennom dokumentasjon, forvaltning, forsking, formidling, fornying og politisk påverknadsarbeid.»

Frå vedtekten for Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur, 26.2.2021

STIFTARAR OG PARTNARAR

Høgskulen i Volda / Høgskulen på Vestlandet / Landssamanslutninga av nynorskkommunar / Litteraturselskapet Det Norske Samlaget / LL Det Norske Teatret / Møre og Romsdal fylkeskommune / Møreforsking AS / Noregs Mållag / Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet / Noregs Ungdomslag / Rogaland fylkeskommune / Stiftinga Møre folkehøgskule / Stiftinga Viti / Ulvik herad / Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet / Universitetet i Bergen / Universitetet i Oslo / Telemark fylkeskommune / Vestland fylkeskommune / Vestmannalaget / Vinje kommune / Volda kommune / Ørsta kommune

Bærekraft, miljø, klima



Vi ser framover

Nynorsk kultursentrum skal vere eit framtidsretta museum.

Det forpliktar oss til å arbeide for ein berekraftig planet.

Nynorsk kultursentrum har lang tradisjon for å fokusere på berekraft og klimatiltak. Vi var til dømes tidleg ute med å bruke elektrisk varebil til museumsanlegget vårt i Aasentunet. I inneverande strategiperiode (2023–2028) skal stiftinga arbeide med å etablere betre rutinar for å måle og systematisk redusere fotavtrykket vårt.

Dei viktigaste utsleppskjeldene våre er transport, særleg flyreiser. Derfor har me sidan 2023 talt alle flyreiser og rekna ut CO₂-utsleppa for dei. Med utgangspunkt i desse målingane kan stiftinga no evaluere tiltak for å redusere utsleppa frå flyreiser på ein meir systematisk måte. Stiftinga har allereie rutinar for å gi til dømes festivalutøvarar incentiv til å velje andre reisemåtar enn fly og oppmøde og informere gjestar slik at dei enklare kan ta klimavennlege val når dei skal besøkje tilstellingane våre. Etter koronapandemien er det viktig å sjekke om rutinane fungerer godt nok, og vurdere ytterlegare tiltak dersom resultata talar for det.

I 2024 starta arbeidet med å gjere stiftinga Miljøfyrtårn-sertifisert. Vi vonar dette vil bidra til ein systematisk reduksjon av stiftinga sitt fotavtrykk.

Klima- og miljøarbeid handlar om å sjå heilskapen. Difor er alle tiltak – både kjeldesortering av avfall i personal- og publikumsområda, kortreiste varer, meir klimavennleg mat i museumskafeane og på festivalane våre og det som i dag må reknast som tradisjonelle ENØK-tiltak – like viktige. I prosjekt som i utgangspunktet skal fornye andre delar av verksemda, legg vi vekt på korleis tiltaka kan bidra til å redusere fotavtrykket vårt. I 2024 har dette vore ein viktig del av forprosjektet for den nye basisutstillinga i Aasentunet. Forprosjektet skal fullførast i 2025.

Alle dei ulike prioriteringane og tiltaka er lagde fram i ein eigen klima- og miljøstrategi for den inneverande perioden. Til liks med andre planar og strategiar for verksemda vår er denne òg tilgjengeleg for alle på nynorsk.no.

Historia vår raskt fortalt

Ivar Aasen-museet blir modernisert med bygget som i dag heiter Steinhuset.



Arkitekt Sverre Fehn får oppdraget med å teikne Aasentunet.



Det moderne Aasentunet, teikna av Sverre Fehn, opnar.

Nynorsk kultursentrum arrangerer Dei nynorske festspela for første gong. Den første nynorske festspelveka vart arrangert i 1992.

1898 >> 1946 >> 1993 > 1996 > 1999 > 2000

Det første Ivar Aasen-museet opnar i Hovdebypda.

Nynorsk kultursentrum vert stifta med namnet Ivar Aasen-stiftinga.



Signaturane i stiftingsprotokollen
30. august 1993.

Ottar Grepstad blir tilsett som direktør i Nynorsk kultursentrum. Han går av med pensjon i 2018.

2008 > 2013 > 2014 > 2015 > 2018 > 2021

Språkåret.



Nynorsk kultursentrum
vert kåra til Årets museum av
Norges museumsforbund.



Vinjesenteret
i Telemark opnar.

Det nynorske nettleksikonet Allkunne blir skipa. Allkunne blei lagt ned ved utgangen av 2021, då Nynorsk kultursentrum ingjekk eit samarbeid med Store norske leksikon.

Haugesenteret i Ulvik opnar.



Nynorsk kultursentrum
arrangerer Ulvik Poesifestival
for første gong. Festivalen tok til
i 2001.



Nynorsk kultursentrum
arrangerer Litteraturdagane
i Vinje for første gong.



Organisasjonen

Trygge rammer

Nynorsk kultursentrum skal vere ein attraktiv arbeidsgivar.

Hos oss skal ein få kreative og meiningsfulle oppgåver i eit inkluderande og trygt arbeidsmiljø.

Å jobbe i kursektoren kan vere svært givande, interessant og meiningsfullt. Det er eit stort mangfold av arbeidsoppgåver som gir rom for å vere kreativ og søkje samarbeid i mange retningar, og både institusjonar og arbeidstakrar har i stor grad fridom til å gjennomføre samfunnsoppdraget vi forvaltar, på sin eigen måte.

Ei ekstern undersøking i 2024 viste at dei tilsette i Nynorsk kultursentrum er svært motiverte av oppdraget med å ta vare på kulturarven til den nynorske skriftkulturen. Det betyr at dei tilsette i stiftinga synest at dei har meiningsfulle oppgåver.

Fridommen, mangfaldet av oppgåver og samarbeidspartnerar og eit delvis lite målbart samfunnsoppdrag kan også vere utfordrande. I tillegg har Nynorsk kultursentrum hatt spesifikke utfordringar med arbeidsmiljøet i åra før 2024. Derfor har stiftinga hatt eit særskilt fokus på arbeidsmiljø heile året. Det har vore mange viktige samtal, møte og prosessar som har gitt eit klårare bilet av kva som går bra, og kvar ein må sjå på nye løysingar og tiltak.

I 2025 kjem mange av prosessane som har gått gjennom 2024, til å munne ut i konkrete endringar. Endringane skal svare spesifikt på nokre av dei utfordringane som har gjort seg gjeldande, og bøte på dei utfordringane som kjem av å vere i ein fleksibel og flytande sektor. I 2024 har alle fått kjenne på kor meiningsfullt det kan vere å styrke dialogen i organisasjonen. Vi vonar at vi vil ta nye store steg i åra som kjem, og vi skal alltid ha høge ambisjonar for arbeidsmiljøet.

Helse, miljø og tryggleik

Organisasjonen har vedtekne planar og innarbeidde rutinar for helse, miljø og tryggleik i arbeidskvarden og under arrangement og festivalar. Verksemda har eit arbeidsmiljøutval. Hausten 2024 gjennomførte Avonova ei medarbeidarundersøking i Nynorsk kultursentrum.

Avonova presenterte resultatet av denne undersøkinga under personalsamlinga i Bergen i oktober, der arbeidsmiljø var eit gjennomgåande tema. Resultatet skal nyttast til vidare arbeid med arbeidsmiljøet i organisasjonen og skal følgjast opp av både leiinga, arbeidsmiljøutvalet og verneomboda, som har høve til å nytte Avonova som samarbeidspartnerar. Leiarane i Nynorsk kultursentrum var også på HMS-kurs i Stavanger i regi av Avonova. Kursing av tilsette og leiarar er eit viktig satsingsområde etter dei organisatoriske utfordringane i 2023, både for å auke kompetansenivået og for å styrke arbeidsmiljøet. Det er ikkje registrert nokon alvorlege hendingar i perioden.

Arbeidsmiljøet er no trygt og i tråd med arbeidsmiljølova. Alle tilsette og husstandane deira har tilgang til timer hos psykolog og lege hos Avonova. Stiftinga har retningslinjer for å førebyggje trakkassering. Vi arbeider etter lovverket for å unngå forskjellsbehandling og diskriminering. Stiftinga har som prinsipp at utøvarar ikkje skal vere påverka av rusmiddel under arrangement.

Sjukefråvær

Sjukefråværet var 10 prosent i 2024, mot 8,7 prosent i 2023. Fråvær under 16 dagar var på 2,9 prosent (+1,1), og fråvær over 16 dagar var på 7,0 prosent (+2,3). Stiftinga arbeider medvite med oppfølging og tilrettelegging for å redusere sjukefråværet.

Likestilling og mangfold

I styret er det fire kvinner og tre menn, og leiargruppa var ved utgangen av 2024 sett saman av tre menn og fem kvinner. 13 menn og 32 kvinner hadde arbeidsavtale hjå Nynorsk kultursentrum per 31.12.2024. Ved innleige av utøvarar til arrangement og turnear legg stiftinga vekt på at det over tid skal vere lik representasjon av kvinner og menn.

Organisasjonen utarbeidde i 2020 ein mangfaldsplakat (nest side) for verksemda. Denne vart oppdatert i 2022.

MANGFALDS- PLAKATEN

Nynorsk er ideen om at eit mangfold i tale kan samle i skrift.

Mangfaldet i samfunnet må også vere synleg i arbeidet til kulturinstitusjonar. Nynorsk kultursentrum arbeider med å sikre relevans for og representasjon frå ulike grupper menneske.

Omgrepet mangfold rommar dimensjonar som geografisk, sosial og kulturell bakgrunn, kjønn, funksjonsevne, religion og verdisyn, legning og alder.

SKAPARMANGFALD

1. Mangfold skal alltid vere tema når me skal engasjere skaparar og utevarar
2. Støtt opp om nye røyster som kan utvide mangfaldet innan sitt uttrykk eller sjanger

BRUKARMANGFALD

3. Undersøk om det er noko me kan gjøre som senker terskelen for å delta
4. Følg retningslinjer og råd om universell utforming
5. Oppsøk og bli kjend med nye milje og målgrupper for å få relevante innspel
6. Gjennomfør alltid test av tilbod, program og idear på relevante målgrupper

INNHALDSMANGFALD

7. Språk og bilete skal vise at me inkluderer og er mangfoldige
8. Referansar og døme skal vise at me kjenner mangfaldet som finst, både i no- og fortid
9. Jamfør gjerne med andre delar av verda

ORGANISASJONSMANGFALD

10. Informer aktuelle milje som kan auke mangfaldet i organisasjonen om ledige stillingar
11. Nytt mangfaldet i organisasjonen til både administrative, kulturelle og akademiske prosjekt

MINDRETALSMEDVIT

12. Hugs at me er med på å definere kva ein nynorskbrukar er og gjer, og at å vere nynorskbrukar også er å vere ulik, ha ulik bakgrunn og ulike preferansar

DIREKTØR

Organisasjonskart

Olav Øyehaug Opsvik
Direktør



FORMIDLING

Haugesenteret

Jorid Lekve Eide
Arenaleiar



Heidi Lund Berg
Vertskaps- og
programansvarleg



Anja Haugland Svingen
Formidlar



Ivar Bu Larssen
Museumsvert

Mari Li Hjartnes
Museumsvert

Gard V. Netland
Museumsvert

Vinjesenteret

Yngve Knausgård
Arenaleiar



Drifa Gudmundsdottir
Barne- og
ungdomsformidlar



**Ingebjørg
Nestestog Edland**
Vertskaps- og
programansvarleg



Kristin Person
Udstillingsansvarleg



Vigdis Kaasa
Museumsvert

Nora Nessæther
Museumsvert

Åsne Vesås
Museumsvert

Aasentunet

Tone Slenes
Formidlingsleiar og
arenaleiar



**Ida Karin
Aarflot Kornberg**
Konstituert arenaleiar /
formidlar



Kim Åge Furuhaug
Produsent



Kjersti Perjord Vartdal
Vertskapsansvarleg
(vikariat)



Maren Leikanger Løken
Vertskapsansvarleg



**Monika
Haanes Waagan**
Marknadsførar/formidlar



Anne Jorunn Garmo
Museumsvert

Ingrid Vee Hagestuen
Museumsvert

Dordi Boksasp Lerum
Museumsvert

Aslaug Marit Øyehaug
Museumsvert

FELLESFUNKSJONAR		FORSKING OG SAMLING	
Fellesfunksjonar		Kommunikasjon og digital formidling	
Gaute Øvereng Administrasjonssjef		Maria Fet Kommunikasjonsrådgivar	 Irene Hareide Forsking- og samlingsleiar
Oddny Nupen Aarflot Administrasjonssekretær		Anders Kalvatn Salsansvarleg	 Stina Aasen Lødemel Spesialrådgivar
Sigbjørn Mork Driftsansvarleg		Mari Tveiti Digitalformidlar	 Siri Beate Gjerde Bibliotekar
Janne Driveklepp Semb Økonomisekretær		Monika Haanes Waagan Marknadsførar/formidlar	 Stein Arnold Hevrøy Konservator NMF
			 Fredrik Hope Konservator
			 Stine Stennes Hovdenakk Konservator
			 Narve Fulsås Forskar II (engasjement)
			 Anne Natvig Konservator

Styret

Styret i Nynorsk kultursentrum består av representantar oppnemnde av Kultur- og likestillingsdepartementet, av rådet og av dei tilsette i organisasjonen.

I løpet av 2024 har styret tilsaman hatt sju møte og behandla 36 saker.

STYRET 2024

Namn	Rolle	Oppnemd av	Periode
Jan Olav Baarøy	leiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	8.1.2024 –31.3.2026
Amela Koluder	leiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	8.11.2023–8.1.2024
Amela Koluder	nestleiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2020–31.3.2028
Sæbjørn Forberg	nestleiar	Kultur- og likestillingsdepartementet	8.11.2023–8.1.2024
Sæbjørn Forberg	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2018–31.3.2024
Kristin Bakken	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2022–31.3.2026
Siri Beate Gjerde	medlem	dei tilsette	27.2.2018–31.3.2024
Stine Stennes Hovdenakk	medlem	dei tilsette	1.4.2024–31.3.2026
Jan Olav Baarøy	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	20.12.23–8.1.2024
Janne Nygård	medlem	rådet	27.2.2018–31.3.2026
Lars Kvestad	medlem	rådet	3.12.2020–31.3.2028
Vidar Lund	medlem	Kultur- og likestillingsdepartementet	1.4.2024–31.3.2028

Varamedlemmer for Kultur- og likestillingsdepartementet

- Monica Bjermeland (1.4.2022–31.3.2026)
- Geir Sverre Braut (1.4.2022–31.3.2026)

Varamedlem for rådet

Ellen Skodjevåg Bø (1.4.2020–31.3.2028)

Varamedlem for dei tilsette

Siri Beate Gjerde (1.4.2024–31.3.2026)

Rådsordførar

Hege Lothe, Vestland fylkeskommune (2024–2026)
Varaordførar: Ketil Zachariassen, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet (2024–2026)

Den Høgvyrde Kronprinsesse Mette-Marit er kongeleg beskyttar for stiftinga 2021–2025

Samarbeidspartnalar

Nynorsk kultursentrum har i 2024 styrkt det formelle og praktiske samarbeidet med andre institusjonar og organisasjonar.

VARIGE SAMARBEID

 STORE NORSKE LEKSIKON	 Nasjonalbiblioteket	ARKIVVERKET
 NYNORSKSENTERET <small>NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA</small>	 _KulturIT	

PROSJEKTSAMARBEID

 Litteraturhus i Møre & Romsdal	 LESEDIGG	 House of LANGUAGES
NYNORSKE PILOTBIBLIOTEK	VEIEN TIL VERDENSLITTERATUREN	

FORMELLE NETTVERK

NYNORSK FORUM	LITTERATURNETTVERKET	POESINETTVERKET
FAGRÅDET FOR FORSKING I MØRE OG ROMSDAL	LITTERATURFESTIVAL- NETTVERKET	NYNORSKFYLKET VESTLAND
FORUM FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA	DET NASJONALE PRIVATARKIVNETTVERKET	PRIVATARKIVNETTVERKET I MØRE OG ROMSDAL
FORSKARNETTVERKET FOR SKRIFTKULTURAR	INTERNASJONALT SPRÅK- MUSEUMSNETTVERK	FORSKINGSINFRASTRUKTUR FOR MSEA I VESTLAND
MUSEUMSNETTVERK FOR KVINNEHISTORIE		

Strategi 2023–2028

Vedteken 27.9.2022

VISJON

Nynorsk for hovud og hjarte til heile landet

HOVUDMÅL

1. Samlingane våre er registrert og publisert på nett
2. Minneintervju og foto dokumenterer samtida
3. Fleire tilsette publiserer forsking, og vi samarbeider med forskrarar om meir forskingsbasert formidling
4. Tilbodet på arenaene, på turné og digitalt er godt tilpassa målgruppene
5. Vi deltek i strategiske samarbeid med nasjonale og regionale aktørar for å styrkje nynorsk skriftkultur
6. Mangfaldsplakaten er eit dagleg arbeidsverktøy
7. Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker

VERDIAR

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

SAMFUNNSOPPDRA�

**Vi aukar kunnskapen
og medvitet om
nynorsk skriftkultur**

VERDIAR

Samlande

- Vi er samlande for alle som arbeider for og med nynorsk i heile landet
- Vi er på tre arbeidsstader, men er éin samla organisasjon
- Vi fremmer dialog og diskusjon
- Det skal vere låg terskel for å delta på våre tilbod, både fysisk og på nett

Kreativ

- Vi har fridom til å tenkje nytt og kreativt
- Vi finn nye koplingar og kreative løysingar
- Vi er ein fleksibel organisasjon
- Vi er opne for nye samarbeid
- Vi er alltid på jakt etter ny kunnskap om fortida, er med på å forme samtalen om samtida og tenkjer høgt om framtida
- Vi nyttar kunnskapen vår til å kople det lokale med det nasjonale og det globale

Påliteleg

- Det vi formidlar er forskings- og kunnskapsbasert
- Vi har tydelege og rettvise rammer som arbeids- og oppdragsgjever
- Vi er saklege og tydelege når vi deltek i samfunnsdebatten
- Vi har berekraftig drift av organisasjonen vår

HOVUDMÅLGRUPPENE

Vaksne som går ofte på kulturarrangement, bibliotek og museum



7-åringar med nynorsk som førstespråk



16-åringar med nynorsk som førstespråk



Vinjesenteret & Litteraturdagane

Vinjesenteret i Telemark er eit museum for litteratur og journalistikk med utgangspunkt i Vinje-forfattarane Tarjei Vesaas, Halldis Moren Vesaas, Aslaug Vaa og Aasmund Olavsson Vinje.



Journalistikk er ein viktig del av utstillinga på Vinjesenteret.



Vinjesenteret ligg idyllisk til på Vinjeflaten, langs E134.




Journalist og forfattar Aasmund Olavsson Vinje står sentralt under omvisingane på Vinjesenteret.



Ved hjelpe av den digitale bokhylla til Vinje-senteret kan ein gjere eit raskt djupdykk inn i utvalde bøker.

Gjester ved Vinjesenteret



Gjester på Litteraturdagane

2 704

Gjester under 18 år



Sommarsesongen

Sommarsesongen er den viktigaste tida for besøk i utstillinga på Vinjesenteret. I tillegg til utstilling, kiosk og museumsbutikk har me omvisingar i Vinjestoga. Me vil gjerne gje eit tilbod til både fastbuande, hyttefolk og tilreisande, og me jobbar kontinuerleg med å kommunisere til desse gruppene.

Sommaren 2024 kunne publikum vere med og sy på Vinjerevla. Vinjerevla, som mellom anna er inspirert av Bayeux-teppet, skal bli eit 12,5 meter langt broderi og er ei framstilling av Aasmund Olavsson Vinjes diktskyklus *Storegut*. Prosjektet er drive av Vinje handverkslag og vil halde fram til 2027. Arkitekt og teikneserieskapar Tarjei Østrem Svalastog står bak illustrasjonane.

I 2024 opna me Undreskogen, eit aktivitetsområde for born som er knytt til det ein kan oppleve i skogen. Kjersti Rørgemoen skrev tekstar om Vinje-forfattarane, og utstillinga kunne dermed vere til inspirasjon for dei vaksne også.

Vinjesenteret ynskjer å vere ein lokal, regional og nasjonal aktør, og ei ekstraløyving på 1 million kroner i det reviderte statsbudsjettet for 2024 har mellom anna gjort det mogleg for oss å gje eit tilbod til alle trinn på skular i Vest-Telemark. 500 barnehage- og småskulebarn fekk til dømes sjå teaterframsyningen *Spelejenta*, som er basert på Jon Fosse si barnebok.



Framsyninga Spelejenta med Sivert Holmen og Anne Heidi Kvam Hillestad var på turné i Vest-Telemark våren 2024.



Aktivitetsområdet Undreskogen vart sett opp sommaren 2024. Dette skal etter kvart bli ein natursti utanfor Vinjesenteret.



Kathrine Kinn i samtale om boka Ei bondefortelling.



Vinje brann og redning var til stades under familiendedagen i mai.



Skulebesøk er ein viktig del av formidlinga ved Vinjesenteret.



Vinjerevila skal bli eit 12,5 meter langt broderi, og er ei framstilling av Aasmund Olavsson Vinjes diktsyklus Storegut.

Programpostar heime og ute

Vinjesenteret tilbyr program for vaksne og barn både på og utanfor museet, gjerne i samarbeid med andre aktørar. Me har hatt besøk av forfattarane Stein Versto, Kathrine Kinn, Kristin Tveiten og Elin Eika Bringa. Me har markert Aasmund Olavsson Vinje sin fødedag, og i samarbeid med Kvinnemuseet i Kongsvinger har vi arrangert seminar om Aasta Hansteen. I samarbeid med Visit Haukeli vart Anne Lindmo invitert til å halde føredrag i Edland, og saman med ei rekke organisasjonar var vi med på å arrangere bygdepride.

Me skipa til fleire familiendedagar i 2024, mellom anna i mai. Då var Vinje brann og redning til stades, og dei frammøtte fekk høyre frå boka *Bålet* av Trude Tjensvold.

Saman med Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bonde- og Småbrukarlag og Universitetet i Søraust-Noreg (USN) arrangerte vi programserien *Landbruk og*

litteratur. På USN i Bø i mai møtte forfattarane Kathrine Kinn og Peter Strassegger kvarandre i samtale med Bothild Nordsletten, og på USN i Rauland i november snakka Inger Bråteit og Kjersti Rorgemoen saman. På dette arrangementet var Vinje mållag også med, og kvelden vart avslutta med eit føredrag av Ingvild Bryn og Astri Versto.

30. oktober var Vinjesenteret medarrangør for Halldis Moren Vesaas-kveld på Nynorskens hus i Oslo.

Litteraturdagane

Litteraturdagane vart arrangert 26.–29. september, med 20 programpostar og om lag like mange forfattarar og andre deltakarar. Temaet for festivalen var kraft.

I 2024 var det 90 år sidan diktardebuten til Aslaug Vaa, og festivalen opna med ein heilaftan vigd til hennar forfatterskap. Professor og forfattar Jan Inge Sørbø fortalte



Donald-lesarar i alle aldrar møtte fram for å høyre og sjå Donald-teiknar Arild Midthun under Litteraturdagane.



Monica Goksøyr, vinnaren av Tarjei Vesaas' debutantpris i 2023, vart intervjuav forfattar Olaug Nilssen under Litteraturdagane.



Arianrhod Engebø fekk tildelt Storegutprisen 2024 under Litteraturdagane.

om forfattarskapen, og skodespelar Hæge Manheim gav ei scenisk framstilling av livet til Vaa. Forfattar Stein Versto avslutta kvelden med å lese Vaa-dikt til tonar av folkemusikar Per Anders Buen Garnås.

Inger Bråteit heldt det tradisjonsrike Vesaas-foredraget. Monica Goksøyr, vinnaren av Tarjei Vesaas' debutantpris i 2023, vart intervjuav forfattar Olaug Nilssen, og Olaug Nilssen sjølv fortalte om drivkrafta i sin eigen litteratur til Kjersti Rorgemoen.

Trygve Riiser Gundersen snakka om endringskrafta hos Aasmund Olavsson Vinje. Eirik Vassenden fortalte om skildringane av dei store kraftutbygggingane i litteraturen frå første halvdel av 1900-talet. Han leia også ein samtale om natur og litteratur med Camilla Groth og Thor Magnus Tangerås. Marit Beate Kasin vart intervjuav om boka *Naturparadokset*.



Skodespelar Hæge Manheim gav ei scenisk framstilling av livet til Aslaug Vaa under opninga av Litteraturdagane.

Litteraturen si kraft til å møte krig og konflikt var tema då Benedikte Nes leia ein samtale mellom Somaya El-Sousi frå Palestina og Tesfaldet G. frå Eritrea. Her var det òg opplesing.

På diktarpub fredagen vart Odd Nordstoga intervjuav om sjølvbiografien sin, *Speleemann*. Eit Donald-blad med ei stripe på Vinje-mål fekk også merksemd, og omsetjar Aasmund Nordstoga og Donald-teiknar Arild Midthun møtte kvarandre til samtale.

Storegutprisen 2024 vart delt ut i Edland festivallaurdagen og gjekk til Arianrhod Engebø. Same kveld stod også Gabriel Fliflet band på programmet med konserten *Lys loge*.

I poesikonserten *Blått svev* markerte Hildegun Riise og Benedicte Maurseth Jon Fosse sin forfattarskap.

Haugesenteret & Poesifestivalen

Haugesenteret er landets einaste reine poesimuseum. Me forskar på og formidlar diktinga til Olav H. Hauge, norsk lyrikk og nynorsk litteratur og språk. Ved museet kan besøkjande bli betre kjende med livshistoria og dei poetiske verka til Hauge og oppleva lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser.



I poesiverkstaden kan små og store lesear finna nye favorittdikt og sjølve leika seg med bokstavar og ord.



Haugesenteret i Ulvik ligg med utsyn til både fjord og fjell inst i Hardangerfjorden.




Haugesenteret inviterer kvart år ungdomsskuleelevar frå heile regionen til ein litt annleis skuledag i museet. Her blir dei kjende med diktaren frå Ulvik gjennom formidlingsopplegget Ein tanke slo meg – bli kjend med Olav H. Hauge.



Formidlar Anja H. Svingen fortel skuleelevar om boksamlaren og lesaren Hauge.

Gjester ved Haugesenteret



Gjester på Poesifestivalen

4 025

Gjester under 18 år



Tilbod til born og unge

Haugesenteret er ein kreativ aktør som arbeider for lese- og skrivelyst, skaparkraft, språkmangfold og kulturopplevingar, særleg for born og unge. Formidlingsopplegg og arrangement i museet gjennom året sikra eit besøkstal på rett under 600 born og unge. Dei fleste av desse var med på det etablerte ungdomsopplegget *Ein tanke slo meg – bli kjend med Olav H. Hauge*, der elevane sjølv går i møte med poesien til Hauge gjennom å skriva eigne dikt. Forfattar og poet Ruth Lillegraven heldt skriveverkstad for om lag 200 ungdommar i regionen under Poesifestivalen. Ho var også ein svippetur til Longyearbyen for å gjera elevane der kjende med Olav H. Hauge si diktning. I haustr heldt me poesiverkstad på Voss Gymnas sin lyrikkdag. Her var gode skriveøkter

der poesien sette ord på dagsaktuelle tema og skapte samhald og engasjement blant elevar og lærarar. Dikt er rett og slett skikkeleg kult!

Formidlar i Haugesenteret har hatt fast lesestund i Ulvik barnehage. 174 barn fordelt på fire avdelingar har gjennom året lytt med stor glede til utvalde nynorsk-bøker med varierte tema. Interessa for tilboden har vore stor, og lesestundene vil halde fram også i 2025.

Barnefamiliar vitja også Haugesenteret til karneval, påskelesnad og joleverkstad gjennom museet sitt kulturprogram. Utanfor museet har me organisert og vidareført liv til bokstavjakt, natursti og utebibliotek i samarbeid med mellom anna Ulvik Turlag.



Ein glad gjeng stråla godt i hop etter urpremieren på framsyninga BREV i høve Haugesenteret sitt 10-årsjubileum. Frå venstre: Arenaleiar Jorid Lekve Eide, musikar Sjur Miljeteig, skodespelar Kjærsti Odden Skjeldal, regissør Nasrin Kushrawi, skodespelar Morten Svartveit og vertskaps- og programansvarleg Heidi Lund Berg.



I poesiverkstaden blir elevane kjende med poesi gjennom å skriva sine eige dikt.



Den greske Hauge-omsetjaren Toula Papapantou saman med arenaleiari Jorid Lekve Eide.



Tidlegare arenaleiari ved Haugesenteret Geir Netland (til høgre) fekk tildelt Amboltprisen for 2024. Prisen vert delt ut av Venelaget Olav H. Hauge.



Dikt er kult! Lyrikkdag på Voss Gymnas vart teke varmt imot av elevar og lærarar.



Oljedrømmen med Priya Bains og Mira Thiruchelvam var årets tingingsverk til Poesifestivalen. Verket har fått vidare liv og kan opplevast under Vossa Jazz 2025.

Haugesenteret 10 år

I 2024 kunne me feira at det var 10 år sidan Hauge-senteret opna museumsdørene i Ulvik. Like lenge har me vore så heldige å få drifta ein av landets leiande lyrikk-festivalar, Poesifestivalen.

Verdas poesidag blir feira kvart år ved Haugesenteret. I år var dagen ein hyllest til nobelprisvinnaren Jon Fosse, og forlagsredaktør Cecilie Seiness heldt føredrag om Fosse si diktning. Nasjonal diktkonkurranse for born og unge høyrer også med til denne dagen. Rundt 50 born frå heile landet sende inn kloke, sterke og vakre dikt.

Forfattarskapen til Fosse stod i sentrum også under 10-årsfeiringa av Haugesenteret, som vart markert med festframstykkingar om to store poetar frå Hardanger: Olav H. Hauge og Jon Fosse. Familieframstykkinga Spelejenta, som er basert på Fosse-boka med same

tittel, trollbatt både små og store i salen. Framsyninga BREV, basert på brevvekslinga mellom Olav H. Hauge og Bodil Cappelen, hadde urpremiere denne festdagen.

Frå ei lita bygd inst i ein fjord kan du nå langt ut i den store verda. Nett det er dikttinga til Hauge eit godt døme på. Diktaren frå Ulvik er i dag omsett til rett under 30 språk, og i sommar fekk me besøk av den greske Hauge-omsetjaren Toula Papapantou. Ei ny islandsk gjendikting kom også dette året: *Undir Eplatrénu* ved den kjende islandske forfattaren Gýrðir Elíasson.

Poesifestivalen

Poesifestivalen i Ulvik utmerkjer seg ved å setja lyrikken i sentrum og syna fram det lyriske mangfaldet i samtidspoesien. For årets festival var det eit nytt og spennande grep å ta pulsen på samtidspoesien, med utgangspunkt i det lyriske mangfaldet i Olav H. Hauge si diktsamling



Martin Ingebrigtsen vart tildelt Haugestipendet 2024 under festivalopninga. Kultur- og likestillingsminister Lubna Jaffery heldt årets opningstale. Her saman med juryleiar Pedro Carmona-Alvarez, direktør Olav Ø. Opsvik og tilsette frå musea i Nynorsk kultursentrums.



Tre dagar med poesifest er historie og staben ved Haugesenteret er både glade og nøgde. Frå venstre: Vertskaps- og programansvarleg Heidi Lund Berg, konservator Stein A. Hevrøy, formidlar Anja H. Svingen og arenaleiar Jorid Lekve Eide.

På Ørnetuva. Det var mange høgdepunkt på festivalprogrammet, mellom anna føredraget til årets Haugeførelesar, Elin Stengrundet, om Olav H. Hauge og framtida og boklansering av Hauge-antologien *Her må då ordi koma*. Takk til Nettverket for poetisk tenking for det viktige arbeidet med denne antologien og for at me saman kan arbeida for å auka kunnskapen om lyrikk og medverka til ny forsking.

Poesien har fått skina for seg sjølv også under denne Poesifestivalen. Laurdag kveld var det publikumsrekord i Elvatun under Poetisk festkveld. Her fekk publikum høyra både norsk og nordisk samtidspoesi frå festivalpoetane. Festivalen baud på lyriske opplevingar gjennom markante forfattarskap og nye spennande unge røyster. Hauge-stipendet for unge diktatar 2024 vart delt ut til poet og gjendiktar Martin Ingebrigtsen.



Heidrakonserten Heim med Joni hylla Joni Mitchell gjennom nynorske omsetjingar og eit strålande band! Vokalistane Annlaug Børshheim og Åse Britt Reme Jakobsen gav publikum gåsehud gong på gong.

– Ulvik er poesien sin heimebane! sa Ingebrigtsen under diktlesinga på festivalens siste dag. – Ikkje berre på grunn av Olav H. Hauge, landskapet og bygda, men også på grunn av festivalen og festivalpublikummet.

Poesifestivalen har eit dedikert publikum. Festivalpassa vart rivne vekk på berre éi veke, og fleire arrangement var utselde. Tilbakemeldingane frå gjestar og utøvarar har vore svært gode, og festivalen sjølv må seia seg nøgd med besøkstal godt over 4000 og billettinntekter over budsjett.

Aasentunet & Festspela

Aasentunet er eit av få språkmuseum i Norden og opna for publikum for første gong i 1898. Museet ligg på staden der Ivar Aasen vart fødd og vaks opp, omringa av historiske bygningar og storslått natur. Aasentunet byr på mykje, og gjestane våre får oppleve museet gjennom besøk i utstillingane, omvisingar, seminar, kulturarrangement og festival.



Utstillinga viser Ivar Aasen sine personlege eigendalar. Desse fortel oss ikkje berre om mannen sjølv, men også tida han levde i.



Aasentunet er eit av få språkmuseum i Norden, og formidlar kunnskap om Ivar Aasen, språk, litteratur og arkitektur til barn og vaksne.



Kunnskapsrike omvisarar sørger for engasjerande forteljingar om Ivar Aasen og språkhistorie.



I utstillinga kan du studere reisekofferten til Ivar Aasen og eit stort utval av klesplagga han brukte.



Aasentunet

Hjå oss i Aasentunet får du den personlege forteljinga om Ivar Aasen og kunnskap om vegen til eit nytt norsk skriftspråk. Du kan lære om kampen om retten til eige språk, lese om utbreiinga av skriftsystem i verda og gjere deg kjend med nyare nynorsk litteratur.

Museet viser fram boksamlinga til Ivar Aasen, med bøker på fleire språk, møblane og gjenstandane frå der han budde i Oslo, og gjenstandane han hadde med på reisene sine frå Lindesnes i sør til Tromsø i nord. Du kan reise tilbake i tid og oppleve tunet der Ivar Aasen vaks opp, besøke det første museumsbygget og vandre på stiane i skogen bak museet der Ivar sjølv sprang rundt som liten gut.

Hovudbygget, teikna av Sverre Fehn, skil seg ut i landskapet og er med å formidler forteljinga om korleis språk pregar historia, verda, samfunnet og enkeltmenneske. Bygget husar også eit bibliotek for nynorsk litteratur, eit auditorium og ein resepsjon med kafe og butikk. Her finn du eit breitt og unikt utval varer, mellom anna til eit stort utval nynorsk litteratur for både born og vaksne.

Tilbod til barn og unge

Aasentunet tilbyr mange ulike formidlingsopplegg for born og unge gjennom heile året. Vi formidlar nynorsk språk, litteratur og kulturhistorie til barnehage- og skuleelevar på alle årssteg gjennom skreddarsydde museumsomvisingar. Vi har også faste tilbod til minst tre årstrinn gjennom den lokale kulturelle skulesekken i Ørsta



Ivrige elevar samlar seg ofte rundt svadageneratoren – eit verktøy som let deg setje saman artige setningar og aktiviere fantasién.



Aasentunet har sitt eige bibliotek med eit rikt utval nynorsk fag- og skjønnlitteratur.



Barnehagetilsette frå regionen var samla i Aasentunet til fagdag med temaet språk-opplæring for dei minste.



Bok og Bakverk var populære arrangement gjennom heile 2024.



Den raude løparen var rulla ut for barnehagebarna som besøkte Aasentunet under barnekunstutstillinga i november.



Første søndag i advent besøkte artist og forfattar Line Dybedal og Mathias Marstrander Aasentunet med framsyninga Eit hjarte til jul.



I september markerte Aasentunet 100-årsdagen til arkitekt Sverre Fehn med opne arrangement og aktivitetar for born og vaksne.

og Volda kommune kvart år. På denne måten sikrar vi at barn og unge får god kjennskap til Aasentunet og den rike og varierte kulturarven vi formidlar.

Aasentunet samarbeider med Ørsta mållag om eit fast formidlingstilbod til barnehagane i Ørsta. I 2024 inkluderte dette eit ope seminar for barnehagetilsette. Temaet var språkopplæring for dei minste, og initiativet er motivert av eit ønske om å tilby fagleg påfyll og inspirasjon til fagpersonar i nærmiljøet. Seminaret la grunnlaget for eit vidare samarbeid om ny seminar dag våren 2025.

Kvar haust inviterer Aasentunet barnehagar i regionen til å delta i årets barnekunstutstilling. I 2024 inviterte vi til barnekunstutstilling for 16. gong, og gjennom utstilingsveka hadde vi besök av om lag 200 barnehageborn. Barnekunstutstillinga, der Aasentunet inviterer

barnehagar i regionen til å lage kunst med utgangspunkt i ei nynorsk biletbok som dei får i gåve, er blitt ein kjærkommen tradisjon. Årets bok var *Eit hjarte til jul* av Line Dybedal, og barna imponerte med måten dei hadde jobba med boka og temaet på. Dei små kunstnarane skapar noko heilt spesielt år etter år, og vi er stolte over å få vise fram verka deira her i Aasentunet.

Aasentunet tilbyr også eit variert kulturprogram for born og vaksne med både billetterte og opne arrangement heile året.

Festspela

I juni kvart år arrangerer Aasentunet festivalen Festspela. Då samlast gjestar, forfattarar, artistar og fagfolk til felles opplevingar som løftar fram nynorsk kultur, språk og litteratur. Under festivalen har vi arrangement i Aasentunet, i vertskommunane og elles i regionen.

Årets Festspeldiktar Knut Ødegård møtte publikum gjennom ei rekke ulike programpostar i løpet av heile festivalen, og gav publikum eit rikt og personleg innblikk i eige liv og virke. Her saman med konstituert arenaleiar ved Aasentunet, Ida Karin Aarflot Kornberg.



Kari Bremnes gav publikum ei magisk musikalsk oppleveling under den tradisjonelle laurdagskonserten på utescena i Aasentunet under Festspela.



Inger Johanne Sæterbakk samtala med Monica Goksøyr og Ellen Løvhaug Harrison om litteratur og skriveprosessar i Debutantpraten under Festspela.


Festspeldiktar i 2024 var Knut Ødegård. Temaet for festivalen var *heime – ute*, og danna utgangspunkt for spennande faglege og kulturelle programpostar med gripande talar, gode innlegg og forfattarsamtalar, høgtlesingar og stemningsfulle konserter for over 3000 gjestar. Som tidlegare år hadde vi òg eit breitt tilbod til born og unge med skuleframsyningar og arrangement i Aasentunet.

Festspela sikra publikum tankevekkande møte med nynorsk språk og kultur med arrangement som *Nynorsk som scenespråk*, *Den sure nynorskingen – myte eller fakta?* og *Koffor hvert vi så irriterte på skrive feil?* Vi hadde Runar Gudnason og Jørgen Nordeng til samtale om betydninga av dialekt og heimstad i rap, Oliver Møystad og Knut Ødegård drøfta omsetjing frå og til nynorsk, vi inviterte til poesipub med bidrag frå fleire festivalforfattarar, og arrangerte barnebokbad med Maria Parr.

Festspela har ei solid forankring i heimbygdene med engasjerte samarbeidspartar, sponsorar og frivillige som stiller opp kvart år. I 2024 hadde vi 40 frivillige, der kvar enkelt spelar ei avgjerande rolle i gjennomføringa av ein vellukka festival år etter år.

Forsking og samling

Gjennom forsking og kunnskapsutvikling bidreg Nynorsk kultursentrum til å styrke forvaltninga og formidlinga av nynorsk skriftkultur.



Hauge-antologien Her må då ordi koma vart lansert hausten 2024.



I 2024 har vi jobba vidare med å registrere, fotografere og publisere bøkene i Olav H. Hauge si boksamling og gjenstandar i samlinga på Norsk Målungdom på DigitaltMuseum.



Prosjektgruppa bak boka Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd? Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal, som var eit samarbeidsprosjekt mellom dei tre institusjonane Romsdalsmuseet, Viti og Nynorsk kultursentrum.




200-årsjubileet til målsaks- og kvinnedagsforkjemparen Aasta Hansteen vart markert i 2024. Spor etter språkarbeidet hennar har vi òg funne i boksamlinga til Ivar Aasen.

**Autorisert
konservator**

1 0

+ 0 frå 2023

Tilsette med ph.d.



+ 1 frå 2023

**Fagfellevurderte
artiklar**



3

- 1 frå 2023

Tilsette med forskingstid



+ 1 frå 2023

Forsking og utvikling

Forskarkompetanse

Nynorsk kultursentrum søker å byggje opp ein samla forskingskompetansen i organisasjonen. Dei siste åra har viktige tiltak blitt sett i gang. Det å få inn ein forskar II på avdelinga har styrkt forskingsmiljøet. I tillegg har fleire tilsette jobba målretta med eigne forskingsarbeid og bidrege i ulike bokprosjekt, noko som har vore med på å auke både kompetansen og kunnskapen på ulike felt.

Prosjekt og nettverk

Nynorsk kultursentrum tek del i ulike forskingsprosjekt og faglege nettverk. Nokre er prosjektbaserte, andre meir varige. I 2024 vart forskingsprosjektet *Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd?* avslutta med ei bokutgjeving. Boka handlar om næringslivshistoria i Møre og Romsdal og har bidrag frå to forskrarar ved Nynorsk kultursentrum. Vi deltek òg i forskingsprosjektet *Made abroad: Producing Norwegian World Literature in a Time of Rupture 1900–1950*, og i prosjektet *Lokalavisene – mangfoldig fortid, usikker framtid*.

I januar vart Nynorsk kultursentrum medlem av Museumsnettverk for kvinnehistorie, som har som føremål å «arbeide for at kvinnenes historie blir ivaretatt innenfor museenes forvaltnings- og formidlingspraksiser». I samarbeid med Kvinnemuseet, som er sekretær for nettverket, vart 200-årsdagen til kvinne- og målsakskvinnen Aasta Hansteen markert med to systerarrangement ved Vinjesenteret og Kvinnemuseet på seinhausten. Nynorsk kultursentrum driftar også *Forskningsnettverk for poetisk tenking*, som er eit samarbeid mellom organisasjonen vår og litteraturforskrarar frå ei rekke universitet og høgskular. I tillegg er Nynorsk kultursentrum med i prosjektet *Forskinsinfrastruktur for musea i Vestland*, som er administrert av Musea i Sogn og Fjordane, Forskarnett-

verket for skriftkulturarar, som er administrert av Høgskulen i Volda, og *Litteraturnettverket*, som blir administrert av Jærmuseet ved Garborgsenteret.

Forskningsformidling

Å formidle forskningsbasert kunnskap er ei viktig oppgåve for Nynorsk kultursentrum. Dette skjer i ulike former og på ulike arenaer. Eit godt døme er formidlinga av poesi på Poesifestivalen i Ulvik, der lyrikkforskrarar gjennom eit lyrikkseminar søker å nå både den vanlege litteraturinteresserte og dei som jobbar med litteraturforskning. Målet er at kunnskapen vi formidlar skal vere forskingsbasert, og med det meiner vi at han skal byggje på oppdatert forsking og solide faglege kjelder. Det er også viktig for oss å bidra med eiga forsking til relevante fagfelt og med populærvitenskaplege bidrag både lokalt og nasjonalt. Vi har mellom anna vore med på konferansen «Møte om norsk språk», hatt faglege innlegg på boksamlingsseminaret vi arrangerte hausten 2024, og skrive ein populærvitenskapleg artikkel til årboka til Hovdebygda soge- og velferdslag.


Fagfellevurderte publikasjonar i 2024

Stein A. Hevrøy: «År ut og år inn har du site bøygð yver bøkene': Olav H. Hauges boksamling som kjelde til innsikt i forfattarskapen hans». I *Her må då ordi koma. Nye lesingar i Olav H. Hauges dikting*. Novus forlag.

Stina Aa. Lødemel: «Kaffisøl og kulturnasjonalisme». I *Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd? Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal*. Museumsforlaget.


Stine S. Hovdenakk: «Når norskdom, kristendom og industri møtest». I *Protestantisk etikk og kapitalistisk ånd? Næringslivshistorie frå Møre og Romsdal*. Museumsforlaget.

Innsamla minneintervju



+4 frå 2023

Sidevisingar av nynorskartiklar i Store norske leksikon (snl.no)



Dokumentasjon og innsamling

Nynorsk kultursentrum dokumenterer og tek vare på historia om nynorsk skriftkultur og dei uttrykka han har hatt i fortid – og dei han har i vår eiga tid.

Nasjonal koordinator for nynorske privatarkiv

Nynorsk kultursentrum er nasjonal koordinator for arbeidet med nynorske privatarkiv. Dette har komme i stand gjennom ein avtale med Arkivverket. Rolla inneber at Nynorsk kultursentrum har fått ansvar for å lage ein nasjonal bevaringsplan for privatarkiv knytte til nynorsk skriftkultur. I løpet av året har planen teke form, etter mykje arbeid med ei nasjonal kartlegging av privatarkiv som dokumenterer nynorsk skriftkultur. Planen blir ferdigstilt våren 2025.

Nynorsk kultursentrum deltek i privatnettverket for Møre og Romsdal og i det nasjonale privatarkivnettverket. I 2024 deltok Nynorsk kultursentrum i det avsluttande arbeidet med bevaringsplanen for privatarkiv i Møre og Romsdal, saman med dei andre privatarkivinstitusjonane i fylket.

Samtidsdokumentasjon


Arbeidet med å samle minneintervju med personar som har gjort ein viktig innsats for nynorsk skriftkultur, har halde

fram. No er alle dei innsamla minneintervjuja transkriberte, og vi har i 2024 samla inn fire nye. Vi har òg byrja arbeidet med å finne ut korleis ein skal gjere delar av dette materialet tilgjengeleg for forskrarar, og korleis ein kan formidle utdrag av intervju for eit meir allment publikum.


Store norske leksikon

Nynorsk kultursentrum held fram det gode samarbeidet med Store norske leksikon, med eit felles mål om å styrke nynorskdelen i oppslagsverket både kvalitativt og kvantitativt. I tillegg har det dette året blitt lansert eit nytt oppslagsverk med enklare leksikontekstar som på nynorsk har det fine namnet Vesle norske leksikon. Nynorsk kultursentrum er éin av seks samarbeidspartnarar i dette prosjektet. Målet er at det skal finnast like gode og sentrale artiklar på nynorsk som på bokmål både i Store norske leksikon og Vesle norske leksikon. Som ein del av samarbeidsavtalen med Store norske leksikon bidreg Nynorsk kultursentrum med nyskrivne artiklar og med språkhjelp og redigering av eksisterande artiklar.


**Publiserte objekt på
DigitaltMuseum**



Oppdaterte postar i 2024



**Sidevisingar på samlingane
våre på DigitaltMuseum**



Formidling og ivaretaking av samlingane

Nynorsk kultursentrum nyttar forsking og kunnskapsutvikling frå eigne tilsette og andre til å styrkje formidlinga og forvaltninga av nynorsk skriftkultur.

Publisering på DigitaltMuseum

Nynorsk kultursentrum jobbar med å publisere objekt på DigitaltMuseum. I 2023 var vi ferdige med å registrere boksamlinga etter Ivar Aasen, og i 2024 har vi jobba vidare med å registrere, fotografere og publisere bøkene i Olav H. Hauge si boksamling og gjenstandar i samlinga frå Norsk Målungsdom. Hauge-boksamlinga består av om lag 4100 bøker, og målet er å ferdigstille arbeidet våren 2025.

Samlingsforum

I 2024 har vi hatt jamlege møte i samlingsforumet vårt. Samlingsforumet skal bidra til ei meir heilskapleg samlingsforvaltning og til gode rutinar for inntak, avklaringar og avtalar knytte til samlingane.

Oppbevaringstilhøve

Nynorsk kultursentrum har jamt over gode oppbevaringstilhøve for samlingane, men Haugesenteret treng utvida tiltak for fuktstyring for å sikre gode tilhøve

for boksamlinga etter Olav H. Hauge. Haugesenteret vil i 2025 overta den gamle heradsstyresalen og få utvida leigearreal i museet. Då kan vi flytte boksamlinga til salen, slik at vi endeleg kan stille ut heile samlinga samla. Fram til i dag har rundt 25 prosent av boksamlinga stått på magasin grunna plassmangel i utstillinga. Det blir stort å endeleg kunne syne fram heile samlinga til dei som gjestar museet i Ulvik. Arenaleieren i Ulvik er prosjektleiar for arbeidet, og i 2024 har arkitektar og konservatorar vore inne i planleggingsprosessen. Dette blir eit spennande og viktig arbeid for Nynorsk kultursentrum i året som kjem.

Kulturhistoriske bygningar

Nynorsk kultursentrum forvaltar fem kulturhistoriske bygningar. Alle desse vart vurderte til tilstandsgrad 1 i 2022. Det blir halde jamleg tilsyn med trea på uteområda for å unngå skadar dersom tre skulle velte eller greiner skulle knekke i sterk vind.



Juristen Karl Arne Utgård var den fyrste nynorskbrukande høgste rettsdommaren og har mellom anna gjort ein stor innsats for juridisk fagspråk på nynorsk. Konservator Fredrik Hope gjennomførte i november 2024 eit minneintervju med Utgård på Hamar.



Under lanseringa av Vesle norske leksikon i Oslo i september vart dei gode nynorskartiklane løfta fram som ei viktig satsing.




Det 650 år gamle Bjørkedalsdiplomet vart i samband med markeringa av Landslovjubileet stilt ut for publikum for første gong i historia.



Alexandros Tsakos frå Universitetsbiblioteket i Bergen heldt føredrag om Bjørkedalsdiplomet og Landslova under markeringa av Landslovjubileet 2024 i Aasentunet i oktober.



Konservator Anne Natvig i fagleg samtal med forfattar Marit Beate Kasin om naturtap under Litteraturdagane i Vinje.



Fleire av dikta til Hauge kan vere påverka av lesinga hans av Heraklit. Her er eitt av mange døme på marginalia i bøkene som Olav H. Hauge eigde.



Spesialrådgiver Stina Aasen Lødemel heldt foredrag om boksamlinga til Ivar Aasen på boksamlingsseminaret vi vart arrangert i Aasentunet i oktober.



Det var godt oppmøte på boksamlingsseminaret, med tilreisande frå heile landet.



I samband med markeringa av at Sverre Fehn ville ha fylt 100 år i 2024 var det arrangert arkitekturhelg for barn. Her ser vi glimt frå konkurransen om å bygge Aasentunet i Minecraft.

Formidling


Nynorsk kultursentrum formidlar nynorsk språk og kultur i heile landet. Dei fleste arrangementa er med forfattarar, skodespelarar, musikarar eller andre kulturarbeidarar. Nynorsk kultursentrum sysselset mange utøvarar gjennom året. I 2024 hadde vi til saman 1176 oppdrag til utøvarar, fordelt på 589 arrangement.



Ungdom, vaksne og elevar i vaksenopplæringa fekk oppleve den splitter nye DKS-produksjonen Blindsone under Festspela.



Eg vil ha rytme! Eg vil ha ord! var på turné i Møre og Romsdal, Vestland og Østfold fylke. Dette er ein lettfatteleg introduksjon til poesi for 1.-4. klasse gjennom leik med ord, slampoesi, rim og regler.




I Aasentunet får elevar lære meir om mellom anna språkhistorie og tilhøva for nynorsk i dag.



121 var frivillige i Ulvik, Vinje og Ørsta/Volda i 2024. Dei bidrog med til saman 943 timer frivillig arbeid.

Deltakarar fokusgrupper



124

Førstekompetente rådgivarar om formidling



5

Hovudmålgruppene våre

Vi har tre hovudmålgrupper: 7-åringar med nynorsk som førstespråk, 16-åringar med nynorsk som førstespråk og vaksne som går ofte på kulturrangement, bibliotek og museum.

Faste tilbod til publikum

Nynorsk kultursentrum produserer eigne framsyningars og har tilbod til alle aldersgrupper gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS). Produksjonane kan også tingast til lokal DKS eller andre arrangement i samarbeid med oss. Vi har mange vandréutstillingar som passar godt til utstilling i bibliotek, kantiner og andre utstillingsrom. Vi har også arrangement for ulike aldersgrupper på eigne arenaer, festivalar og i samarbeid med biblioteka i verdsfylka våre og i område der nynorsk er under særskilt press.

Kunnskap om publikum og målgrupper

Heilt sidan 2000 har vi gjennomført publikumsundersøkingar på arenaene våre, og seinare på nettstadane våre. I 2024 har vi fått meir kunnskapen om gjestane på dei tre musea våre. Dette skal vi nytte til å gjere tilboda våre endå betre.

Språkleg mangfold

Språk kan skape fellesskap på tvers av geografisk avstand og sosiale skiljelinjer. Nynorsk kultursentrum synleggjer det språklege mangfaldet i Noreg i formidlingsaktiviteten vår. Vi arbeider også med globalt språkleg mangfold gjennom internasjonale nettverk og prosjekt med fokus på mindretalsspråk.

Tilgjenge

Nettstadane våre følgjer retningslinjene for universell utforming. Publikumsområda på arenaene er tilrettelagde etter gjeldande forskrifter. Det er gratis inngang med følgjekort til alle arenaene.


Forskningsbasert formidling

Våre tilsette hentar inn oppdatert kunnskap om faginnhald og formidling gjennom å følgje med i relevante vitskaplege og kulturfaglege fagmiljø. Ved større formidlingsprosjekt har vi som prinsipp at minst éin med førstekompetanse deltek.


Frivillige

Frivillige krefter i lokalmiljøa rundt dei tre musea våre Aasentunet, Haugesenteret og Vinjesenteret gjer ein stor innsats. Spesielt medverkar dei til å gjere festivalane våre til ei god oppleveling. I 2024 samarbeidde vi med 121 frivillige i Ulvik, Vinje og Ørsta/Volda, der dei til saman bidrog med 943 timer frivillig arbeid.

Elevar i Den kulturelle skulesekken



Kommunar med aktivitet



Kulturformidling på turné

I 2024 var 26 689 personar publikum på arrangement og turnear som Nynorsk kultursentrums organiserte utanfor musea våre. Dette er ein skikkeleg oppsving frå 15 667 i 2023, hovudsakleg på grunn av fleire turnear med Den kulturelle skulesekken og arrangement og turnear i eigen regi. I 2024 var vi i 77 kommunar, mot 89 året før.

Litteraturhus i Møre og Romsdal

I 2024 fekk vi ei fast løying frå Møre og Romsdal fylkeskommune til storsatsinga Litteraturhus i Møre og Romsdal, etter positiv evaluering av prosjektet dei siste tre åra. Nynorsk kultursentrum og Bjørnsonfestivalen organiserer litteraturturnear saman med alle biblioteka i fylket, og i 2024 hadde vi rekord med 6768 gjestar fordelt på 118 arrangement. Folk i alle kommunane i Møre og Romsdal fekk dermed tilbod om unike litteraturopplevingar der dei bur. I 2023 nådde vi 4745 gjestar fordelt på 110 arrangement.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

7396 elevar og 493 lærarar i 20 kommunar fekk oppleve fire produksjonar med til saman 178 framsyningar på turné gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS) i 2024. Dette var ein markant auke i bestillingar samanlikna med 2023, og vi er nesten på nivå med tala frå 2022. Nynorsk kultursentrum har i 2024 fått ferdig framsyninga *Blindsight*, som er basert på romanen *Eit anna blikk*. Framsyninga har vore på turné i Møre og Romsdal, og vi har fått gode tilbakemeldingar. Vi laga for- og etterarbeid til framsyninga i samarbeid med Nynorskenteret, og vi vart ferdige med ei enkel handbok om DKS for alle utøvarane våre.

Randsoner

Randsoneprosjektet «Nynorsk som nasjonalt skriftspråk»

skal auke statusen til nynorsk i område der språket er under press. I samarbeid med Nynorskstafetten, i regi av Noregs Mållag og Norsk Målungdom, Nynorsk bedriftsforum, Bjørnsonfestivalen, Garborgsenteret og festivalane Blest og Falturiltu, nådde randsoneprosjektet meir enn 3500 barn og vaksne. Totalt var det 62 arrangement fordelt på 23 kommunar.

Vandreutstillingar

I 2024 vart ni av dei 42 vandreutstillingane våre synte fram 20 ulike stader med over 1100 utstillingsdagar. Dette er ein oppgang frå 2023. Det vart ikkje produsert nye utstillingar i 2024, men vandreutstillinga om Jon Fosse, «Kunsten i livet», frå 2009 vart revidert og trykt på nyåret 2024. Ei utstilling om den nynorske biletboka i Noreg er under produksjon og skal etter planen ferdigstilla før sommaren 2025.

Nynorske pilotbibliotek

Nynorsk kultursentrum har fast samarbeid med folkebiblioteka i Sandnes, Lom, Hemsedal og Hægebostad og med skulebiblioteket ved Skeisvang videregående skole i Haugesund. Desse biblioteka blir nytta som arenaer for å prøve ut ulike formidlings- og medverknadsopplegg og blir derfor kalla nynorske pilotbibliotek. Saman med biblioteka hadde vi utstillingar, føredrag og samtalar.

Sidevisingar på nettstadane



273 035

-3 799 frå 2023


**Avspelingar video, songar
og podkastar**



52 317

-13 022 frå 2023

Følgjarar i sosiale medium



2022 2023 2024

Digital formidling

Nynorsk kultursentrum når flest brukarar digitalt. Vi gjer dette gjennom innhald i podkast- og YouTube-kanalane våre, publiseringar i sosiale medium, på nettstadane våre, på DigitaltMuseum og i samarbeid med større digitale aktørar som Store norske leksikon.

Digitale formidlingsprosjekt

I 2024 har vi arbeidd med to store digitale formidlingsprosjekt som begge har kravd mykje ressursar. Både prosjektet «Aasens reiser» og det internasjonale samarbeidsprosjekt om mindretalsspråk blir lansert våren 2025.

Følgjarar i sosiale medium

I 2024 hadde Nynorsk kultursentrum 21 497 følgjarar i sosiale medium. Til samanlikning var følgjartalet 20 232 i 2023. Auken på 1265 følgjarar er omlag det doble av auken frå 2022 til 2023.

Podkast og YouTube

I siste halvdel av 2024 begynte vi å planleggje eit nytt, større podkastprosjekt for barn. Planen er å publisere sju eigenproduserte podkastepisodar i 2025. Sjølv om vi ikkje publiserte nokon nye podkastar i 2024, var talet på avspelte podkastar berre 54 færre enn i 2023: 1269 avspelingar i 2024 og 1323 avspelingar i 2023. Vi publiserte ingen nye videoar på YouTube i 2024. YouTube-kanalen hadde 19 020 avspelingar, mot 30 020 i 2023.

Digitalisering

Til no er allereie hundre bøker frå Hauge-boksamlinga registrert og publisert. Arbeidet med å gjere heile samlinga tilgjengeleg på DigitaltMuseum held fram i 2025. I tillegg vart det arbeidd med å registrere alle tidsskrift i Djupedal-samlinga i Oria. Dette arbeidet er venta å bli sluttført i 1. kvartal i 2025.

Store norske leksikon

Det var heile 7,1 millionar sidevisingar for nynorskinnhaldet på Store norske leksikon i 2024, som utgjer ein auke på 1 million frå 2023. 20 718 av artiklane i leksikonet er skrivne på nynorsk. Arbeidet med å auke nynorskinnhaldet i leksikonet held fram. I september vart Vesle norske leksikon lansert, med 15 prosent av artiklane på nynorsk.



DKS-produksjonen «Les for livet» var på turné i Vestland.



5.-7. klassingar i Ørsta og Volda fekk eit unikt møte med Sverre Fehns arkitektur, det nynorske språket og eigen dans gjennom DKS-produksjonen UTSYN i innsyn.



I samband med satsinga på nynorske pilotbibliotek heldt Anderz Eide langleseing av Jon Fosse på Litt.Sandnes-festivalen.



Nynorsk kultursentrum deltok i to panelsamtalar om nynorsk og andre mindretalspråk under Lampa-festivalen i Latvia, som er laga etter modell frå Arendalsuka.



Endre Ruset og Stian Omenås skapte eit lydlandskap med Heiku-dikt om den japanske skihopparen Noriaki, då dei besøkte biblioteka i Ørsta, Valldal og Giske gjennom satsinga Litteraturhus i Møre og Romsdal.



DKS-produksjonen Snakk om språk var på turné i Vest-Telemark. Her frå ei framsyning på Vinjesenteret.



Nynorsk kultursentrum bidrog med kulturprogram på Nynorskstafetten hausten 2024. Forfattar Ørjan Zazzera Johansen vitja barneskular i Nordhordland og på Agder.



DKS-produksjonen Snakk om språk er ein del av Aasentunets lokal DKS-tilbod til ungdomsskulelevar i Ørsta og Volda. Saman med elevane skapar utøvarane refleksjonar kring språk, dialekt og det å vere språkbrukar.



Forfattar Tore Renberg besøkte Hægebostad og Eiken bibliotek i satsinga vår på nynorske pilotbibliotek.



Det var fulle hus fleire stader på Sunnmøre då Arill Riise reiste på turné med den nye boka si i regi av satsinga Litteraturhus i Møre og Romsdal.




Elevar ved Skeisvang videregående skole bokbada forfattar Frode Grytten framfor 140 frammøtte.




I samarbeid med Nynorsk bedriftsforum og lokale krefter skipa vi til lunsjmøte for næringslivet i Alver og i Vindafjord. Linda Eide heldt føredraget «Klinkande uklart», og Nynorsk bedriftsforum informerte om jobben dei gjer for å gjere det lettare å bruke nynorsk i næringslivet.

Økonomi


Driftsinntekter



Driftskostnader



Årsresultat



Nynorsk kultursentrum har stabil drift og eigenkapital tilsvarende 30 prosent av driftsinntektene. Dette gir eit solid grunnlag for den vidare drifta.

Rekneskap 2024

Stiftinga hadde driftsinntekter på 39 478 885 kr og driftskostnader på 39 381 912 kr i 2024. 90 prosent av inntektene var offentlege tilskot, medan 10 prosent var marknadsinntekter, gåver og sponsoravtalar. Stiftinga har inga langsiktig gjeld. Resultatet på 846 062 kr styrkjer eigenkapitalen til 12 023 172 kr.

Kostnadene til pensjon, løn og sosiale kostnader var på 53 prosent av samla inntekter, mot 57 prosent året før. Dei samla driftsinntektene var 10,0 prosent høgare, og driftskostnadane auka med 12,6 prosent.

Tilskot og prosjekt

Stiftinga har fått 1 010 000 kroner i private gåver og prosjektmidlar. Både gåvene og prosjektmidlane var øyremerkte festivalar og formidlingstiltak.

Investeringar

Det er berre gjort mindre investeringar i 2024.

Avsetjingar


Det er sett av 500 000 kroner til ny basisutstilling i Aasentunet og 100 000 kroner til studietur for tilsette.

Private gåver og prosjektmidlar

1 010 000 kroner

Sal

Eigeninntekter per inntektskjelde, etter arena



Nynorsk kultursentrum driv museumsbutikkar ved Haugesenteret, Vinjesenteret og i Aasentunet. Ved dei to siste nemnde stadene har vi også kafé, og vi driv utleige av lokala. Nettbutikken vår, handlenett.no, er ein integrert del av butikkdrifta.

Svak oppgang i omsetnaden

Den totale omsetnaden i butikkane våre har gått litt opp frå 2023 til 2024. Noko av oppgangen skriv seg frå eit år med tre festivalar og prisauke på særleg bøker. Samstundes var det god julehandel både på nett og i butikk.

Nettbutikken

Netthandelen på handlenett.no utgjer om lag 30 prosent av omsetnaden i butikken i Aasentunet. Lite er gjort i 2024 med tanke på utvikling av nettstaden, men oppgradering og ny profil er lagt inn i handlingsplanen for 2025. Noko av omsetnaden i nettbutikken er tett knytt til utsending av nyhetsbrev. Dette vart prioritert i slutten av 2024 og har gitt resultat i form av større omsetnad.

Kafétilbod med lokalt preg

Vi satsar på lokale råvarer i kafédrifta ved arenaene våre. Mykje av utvalet i kioskane og kafeane er levert av lokale eller spesialiserte matprodusentar og -distributørar, og vi produserer også enkelte små rettar på staden. Samarbeidet med lokale leverandørar av ferdiglaga rettar held fram. Det er framleis noko matsvinn, men mindre enn tidlegare.

Eigenutvikla varer

Vi har fleire eigenutvikla varer og kan dermed tilby kundane våre unike produkt. I 2024 produserte vi festspelkrus med sitat av festspeldiktar Knut Ødegård, kort og pakkelappar av Kjersti Perjord Vartdal, nye Hauge-kort og handlenett med «På Ørnetuva»-motiv. Nokre av varene våre vart også selde i butikkane til Det Norske Teatret, Sunnmørsalpane Guide Service, Garborgsenteret og Vitenfabrikken og i Nynorsk Bokhandel.


Selde bøker av butikksalet




Selde Ivar Aasen-boksarar



Omsetnad, butikkar



Omsetnad, kafé





Alle omsyn til hygiene vart tekne då Nynorsk forum arrangerte debatt under Arendalsuka. Direktør i Nynorsk kultursentrum, Olav Øyehaug Opsvik, var ordstyrar i samtal med direktør i Språkrådet, Åse Wetås, stortingsrepresentant Torstein Tvedt Solberg (Ap) og leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge.



Direktør i Nynorsk kultursentrum, Olav Øyehaug Opsvik, og dagleg leiar for Nynorskommunane, Svein Olav Langåker, deltok på budsjett-høyring på Stortinget på vegner av Nynorsk forum.

Politisk arbeid

Nynorsk kultursentrum arbeider for nynorsk skriftkultur. Det betyr at vi må engasjere oss langt utanfor vår eiga verksemd og museums- og kultursektoren.

Nynorsk kultursentrum er sekretariat for Nynorsk forum. Her er 21 nynorskorganisasjonar, -institusjonar og -bedrifter samla for å frøte felles prioriteringar for styresmaktene i høve statsbudsjettet, og her drøftar vi og handlar på andre viktige saker for språket. Som sekretariat må vi sørge for å halde oss orienterte og dytte norsk språkpolitikk i retning av betre og meir reell jamstilling for nynorsk.

I 2024 har Nynorsk kultursentrum sendt innspel til og delteke på vegner av Nynorsk forum i budsjettthøyringar på Stortinget, både i familie- og kulturkomiteen og i kommunal- og forvaltningskomiteen. Nynorsk forum var også representerte i budsjettthøyringa til utdannings- og forskingskomiteen.

Nynorsk forum har hatt både digitale og fysiske samlingar. I september 2024 gjennomførte forumet eit seminar for å auke kompetansen hjå medlemmane og stimulere til diskusjonar om langsiktige utfordringar for språket. På seminaret var det gjestedeltakar frå mellom anna Løvebakken Mållag og Store norske leksikon.

Den høgaste prioriteten i det politiske arbeidet for 2024 var å søkje meir kunnskap og skape debatt og diskusjonar om kva utviklinga av store språkmodellar med hjelp av kunstig intelligens (KI) kan bety for nynorsk språk.

Under Arendalsuka organiserte Nynorsk kultursentrum, på vegner av Nynorsk forum, eit arrangement om KI og språkpolitikk med deltakarar frå Stortinget, Nasjonalbiblioteket, Språkrådet og Noregs Mållag. Nynorsk kultursentrum deltok også på ein konferanse om KI, språkpolitikk og utvikling for mindre brukte språk i regi av det europeiske nettverket for språkmangfold i Barcelona.



Digitaliseringa av Aasen-samlinga vart omtala i det populære NRK-programmet Nytt på nytt.

Aasentunet fekk stor merksemd då VG publiserte ei sak om at museet var merkt som eit erotisk museum på Snapchat.

Kommunikasjon

For Nynorsk kultursentrums arbeidet er det viktig at arbeidet vi gjer og aktivitetane våre er synlege. I 2024 har vi vore godt synlege både i lokal og nasjonal presse gjennom reportasjar, intervju og eiga marknadsføring av museumstilboda, samlingane og arrangementa våre.

Hovudsaker

Nynorsk kultursentrum fekk i 2024 godt med presseomtale. Både lokal og nasjonal presse omtala digitaliseringa av Aasen-samlinga. Til dømes hadde NRK Møre og Romsdal fleire større saker om samlinga på TV, nett og radio. Nyhets-saka vart også omtala i det populære NRK-programmet Nytt på nytt.

Aasentunet fekk stor merksemd då VG publiserte ei sak om at museet var merkt som eit erotisk museum på Snapchat.

NRK Møre og Romsdal hadde fleire radioinnslag om Festspela med mellom anna direktesende intervju under festivalen.

Litteraturdagane fekk god omtale i Vest-Telemark Blad, og NRK Telemark laga ein radioreportasje om 200-årsfeiringa av Vinjestoga.

Poesifestivalen fekk god førehandsomtale i Avisa Hordaland med eit fyldig portrettintervju med arenaleiar Jorid Lekve Eide. Dag og Tid hadde ein tosiders reportasje om festivalen.

Direktør Olav Øyehaug Opsvik var gjest i podkasten til Norges Museumsforbund, *Spreng grensene!* Der snakka han mellom anna om stoda for nynorsken.

Marknadsstrategi

I 2024 har vi halde fram med å prioritere digital marknadsføring, særleg nasjonalt. Lokalt har vi nytta både digital og trykt annonsering.

I november annonserte vi for Vinjesenteret med ein betalt artikkel over to sider i Scan Magazine. Magasinet låg i alle stolsete på flya til SAS på flygingane i Noreg, Sverige og Danmark heile månaden.

Vi ser stadig på korleis vi kan effektivisere bruken av annonse-kroner. Samstundes ønskjer vi å nå fleire og meir målretta. Vi er også opptekne av å samarbeide med andre aktørar som kan styrke posisjonen vår i marknaden og som gjere oss endå meir synlege.

Ørsta, 24. februar 2025



Jan Olav Baarøy

styreleiar



Amela Koluder

nestleiar




Kristin Bakken

styremedlem



Vidar Lund

styremedlem



Stine Stennes Hovdenakk

styremedlem




Lars Kvestad

styremedlem



Janne Nygård

styremedlem



Olav Øyehaug Opsvik

direktør

Resultatrekneskap

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2024	2023
Sal av varer		1 437 152	1 492 065
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	36 480 454	33 370 627
Billettsal		1 461 292	806 109
Andre inntekter		99 987	207 285
Sum driftsinntekter		39 478 885	35 876 087
Varekostnad		1 105 055	994 102
Lønskostnader m.m.	2	20 905 424	20 588 589
Ordinære avskrivningar	3	667 281	662 543
Legekostnadar		1 189 519	948 736
Udstyr og driftsmateriell, straum		1 651 479	1 289 389
Reparasjonar og vedlikehald		247 904	245 990
Reise/opphold		2 609 344	1 929 861
Honorar	2	6 612 611	4 592 601
Marknadsføring		1 157 212	923 200
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		1 794 462	1 403 020
Andre driftskostnadar		1 441 621	1 390 324
Sum driftskostnader		39 381 912	34 968 357
Driftsresultat		96 973	907 730
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		747 086	382 822
Annan Finansinntekt		2 692	7 754
Rentekostnader		613	2 356
Annan finanskostnad		75	0
Resultat av finanspostar		749 089	388 220
Resultat før skattekostnad		846 062	1 295 950
Resultat		846 062	1 295 950
Årsoverskot	4	846 062	1 295 950
Overføringer			
Avsett til forpliktingar	4	600 000	900 000
Overføringer annan eigenkapital	4	246 062	395 950
Sum overføringer		846 062	1 295 950

Balanse

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Eigedelar	Note	2024	2023
Anleggsmiddel			
Varige driftsmiddel			
Utekafè, -scene, stabbur og ny veg	3	1 658 629	1 964 562
Inventar og utstyr	3	1 461 594	1 704 897
Sum varige driftsmiddel		<u>3 120 223</u>	<u>3 669 460</u>
Finansielle driftsmiddel			
Investeringer i aksjer og andeler		50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmiddel		<u>50 000</u>	<u>50 000</u>
Sum anleggsmiddel		<u>3 170 223</u>	<u>3 719 460</u>
Omløpsmiddel			
Varelager	5	1 542 000	1 514 500
Krav			
Kundar	6	516 375	654 342
Andre krav	6	633 259	940 768
Sum krav		<u>1 149 634</u>	<u>1 595 111</u>
Bank, kasse (bundne skattetrekksmidler utgjer kr 724 082)		13 273 263	13 535 814
Sum omløpsmiddel		<u>15 964 897</u>	<u>16 645 425</u>
Sum eigedelar		<u>19 135 120</u>	<u>20 364 884</u>

Balanse


Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Eigenkapital og gjeld	Note	2024	2023
Innskoten eigenkapital			
Grunnfond	4	270 000	270 000
Sum innskoten eigenkapital		<u>270 000</u>	<u>270 000</u>
Opptent eigenkapital			
Avsetjing for framtidige kostnader	4	4 982 182	4 728 970
Annan eigenkapital	4	6 770 990	6 178 139
Sum opptent eigenkapital		<u>11 753 172</u>	<u>10 907 109</u>
Sum eigenkapital		<u>12 023 172</u>	<u>11 177 109</u>
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		810 693	1 306 429
Trekk og offentlege avgifter		1 463 467	1 211 675
Påkomne kostnader		2 259 060	1 778 661
Periodiserte tilskot		2 578 728	4 891 010
Sum kortsiktig gjeld		<u>7 111 948</u>	<u>9 187 775</u>
Sum gjeld		<u>7 111 948</u>	<u>9 187 775</u>
Sum eigenkapital og gjeld		<u>19 135 120</u>	<u>20 364 884</u>

I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 24.2.25




Jan Olav Baarøy
Styrelseiar




Amela Koluder
Nestleiar



Lars August Hafting Kvestad
Styremedlem



Janne-Kristin Svarstad Nygård
Styremedlem




Kristin Bakken
Styremedlem



Stine S. Hovdenakk
Stine Stennes Hovdenakk
Styremedlem



Vidar Lund
Styremedlem



O. Ø. Opsvik
Olav Øyehaug Opsvik
Direktør

NOTAR for 2024

Nynorsk Kultursentrum, musea for skriftkultur

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre egedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Inntektsføringsprinsipp

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar. Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

Note 1 Offentlege og andre tilskot (inntektsført del i 2024)

	2024	2023
Kulturdepartementet	27 495 000	25 005 000
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	614 450	755 045
Tilskot frå Vestland fylkeskommune	1 295 071	1 251 276
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	250 000	154 100
Tilskot frå Ulvik kommune	1 564 000	1 550 000
Tilskot frå Vinje kommune	1 477 140	1 581 241
Tilskot Norsk kulturråd	325 000	415 000
Tilskot Vestfold og Telemark Fylkeskommune	938 555	929 286
Tilskot frå Nasjonalbiblioteket		
Tilskot Fritt Ord	310 000	400 000
Andre offentlege tilskot	1 511 153	731 679
Andre tilskot	123 915	73 000
Gåvemidlar	576 171	525 000
Sum tilskot	36 480 454	33 370 627

Note 2 Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

	2024	2023
Lønskostnad	16 764 363	15 834 132
Folketrygdavgift	2 394 278	2 351 212
Oppg.pl. honorar	368 000	343 512
Pensjonsytingar	998 234	1 792 417
Andre ytingar	380 549	267 317
	<u>20 905 424</u>	<u>20 588 589</u>
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	25,7	23,0

Note 3 Driftsmiddel, avskrivningar

Tilskot til inventar/utstilling og bygg

Kostpris 1.1.				
+ Tilgang				
- Avgang				
- Tilskot				
-Overføring frå eigne avsetjingar				
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-19 954 362	-4 164 500	-43 800 000	-67 918 862
Akk. avskrivningar 31.12.	-5 598 396	-2 996 316	0	-8 594 712
Bokført verdi 31.12	1 461 594	1 658 629	0	3 120 223
Avskrivningar i år	361 348	305 934	0	667 281
Avskrivningssats				

Inventar/ utstilling/bil/retta r	Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg	Bygg	Sum
26 896 276	8 819 445	43 800 000	79 515 721
118 045	0	0	118 045
0	0	0	0
0	0	0	0
-19 954 362	-4 164 500	-43 800 000	-67 918 862
-5 598 396	-2 996 316	0	-8 594 712
1 461 594	1 658 629	0	3 120 223
361 348	305 934	0	667 281
10-33%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtekten for stiftinga, der det heiter at den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tilegne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarende sum som tilskot.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

Note 4 Eigenkapital

	Grunnfond	Avsetjing til framtidige forpliktingar			Sum eigenkapital
		Annan eigenkapital	-346 788	346 788	
Eigenkapital pr. 01.01.2024	270 000	4 728 970	6 178 139	11 177 109	
Årets resultat		600 000	246 062	846 062	
Bruk av avsetjing til framtidige kostnadar		-346 788	346 788	-	
Eigenkapital pr. 31.12.2024	270 000	4 982 182	6 770 990	12 023 172	

Note 5 Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

Note 6 Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

Til styret i
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur

Melding frå uavhengig revisor

Side 1 av 2

Konklusjon

Vi har revidert **Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 846.062. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2024 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoен og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-anne). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, medrekna at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er utført med vilje.

Ved utarbeidingsa av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil verte avvikla.

ØRSTA:	NORDFJORDEID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsg. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misgjerder, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Forsvarleg sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, alltid vil avdekkje vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misgjerder eller feil som ikkje er utført med vilje. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan ventast å påverke økonomiske avgjelder som brukarane tek basert på årsrekneskapen.

For vidare omtale av revisor sine oppgåver og plikter blir det vist til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar utført i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektenes elles.

Ørsta, 7.3.2025

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Dag Hopland

statsautorisert revisor

